

Fastetida 2018



Me har godt av å verta minna om at Jesu disiplar trengde å sitje ved hans føter og lytta ei stund, før dei gjekk ut til si gjerning. Både som einskildmenneske og som kristent fellesskap må me alltid venda tilbake til kjeldene for vår tru og alt liv.

Fakta

- Fastetida er frå askeonsdag 14. februar til palmesøndag 25. mars.
- Fasteperioden varar i 40 dagar. Søndagar oppstodedagar» og vert ikkje rekna med.
- Fastens hovudmål er førebuing til påske.

For Gud, nesten og seg sjølve

Fastetida skal vera ein kvilestad for sjela, ei tid for å ta imot. Den tradisjonelle forsakinga i denne tida handlar om å velja bort det som tek merksemda vår og stengjer for å nærma oss Gud og vår neste. Faste er ei tid for å verta forvandla av Guds nåde og fylt av ny kraft, glede og frimod. «Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma!» Kol 2, 6-7.

Tips i fastetida

Lag skjermfrie soner og periodar, oppsøk det som gjev overskot, avstå frå noko, les ei bok, inviter gjestar, bruk naturen, overrask nokon, bruk bibelleseplanen du no held i handa.

Andaktstund

Les bibelteksten

Bøn

Fadervår:

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.


For riket er ditt og makta og ære i all æve. Amen

Velsigning:

For alle som står meg nær, for alle eg tenkjer på, for dei og for meg sjølv ber eg: Velsign oss, Gud Fader. Velsign oss, Guds son. Velsign oss, Guds heilage ande. Amen.

Til ettertanke:

Kva velsignar Gud meg med? Korleis kan eg gje det vidare?



Fastetida 2018

Bibeltekstar



Askeonsdag

«Hald fast»

I fastetida er det mogeleg å stoppa opp og grunna over kva Gud gjev oss. Det me har motteke skal me halda fast ved, det er ei kjelde til liv.

14.02	Op 3, 10-11	Hald fast på det du har fått (Askeonsdag)
15.02	Ordt 7, 1-3	Hald fast på boda
16.02	Ordt 4, 4-9	Hald fast ved mitt ord
17.02	1. Tess 5, 16-24	Hald fast ved det gode

1. søndag i fastetida

«I stille og tillit»

I dagar med mange distraksjonar, treng me å skapa dei romma der Gud kan tala til oss og vår tillit til han kan veksa.

18.02	Jes, 30, 15	I stille og tillit får de styrke
19.02	2. Mos 14, 10-14	Herren skal strida for dykk
20.02	2. Mos 20, 1-4	Du skal ikkje ha andre gudar (Hugs morgonmessa)
21.01	Salme 46, 1-12	Kjenn at eg er Gud
22.02	Jes 9, 1-7	Herreveldet er lagt på hans skulder
23.02	Matt 6, 25-34	...så skal du få alt...
24.02	Matt 11, 28-30	Kom til meg

2. søndag i fastetida

«Menneske lever ikkje berre av brød aleine»

Me vert hele tida fortalt kva me manglar for å vera lykkelege. Fastetida hjelp oss til å venda oss mot ham som er livsens brød.

25.02	Jer 31, 23-25	Eg gjev den slitne rikeleg å drikka
26.02	Salme 105, 1-5	Han mettar ditt liv med det gode
27.02	Salme 36, 6-10	Dei får nyta overfloda i ditt hus
28.02	Salme 46, 1-12	Kjenn at eg er Gud
01.03	Joh 6, 28-35	Ikkje hungra og aldri tørsta
02.03	Joh 7, 37-38	Elvar med levande vatn
03.03	Jes 55, 1-3	Kom, alle tørste, kom til vatnet



Fastetida 2018

Bibeltekstar



3. søndag i fastetida

«Blikkontakt»

Blikk er eit viktig reiskap får å byggja relasjonar, for å gje andre vår merksemd. Bibelen seier me skal venda blikket mot Gud – og Guds nådige blikk skal vera på oss.

04.03	Sal 34, 1-10	Vend blikket mot han og strål av glede
05.03	Ef 1, 18-23	Må han lysa opp auga til dykkar hjarte
06.03	Sal 119, 31-44	Vend blikket mitt (Hugs morgonmesse)
07.03	Sal 32, 1-8	Mitt auge skal kvila på deg
08.03	4. Mos 6, 22-27	Herren lyfte sitt andlet mot deg
09.03	Ordt 4, 20-27	Fest blikket på det som ligg framføre
10.03	Hebr 12, 1-3	Blikket festa på Jesus

4. søndag i fastetida

«Sjå, Guds lam...»

I ei tid då mykje kjempar om vår merksemd, kan det vera vanskeleg å skilja mellom det gode og det beste, mellom det interessante og det nødvendige. Lat oss bevega oss inn mot sentrum av trua, og der – i lys av Kristi kors – sjå klart.

11.03	Joh 1, 29-35	Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda.
12.03	4. Mos 21, 4-9 + Joh 3, 14-15	Moses laga ein koparslange
13.03	Joh 3, 17-21	Verda skal bli frelst ved han
14.03	Rom 5, 6-11	Kristus døyde for oss medan me endå var syndarar
15.03	Jes 44, 21-24	Eg stryk bort brota dine
16.03	Op 5, 12-13	Verdig er lammet som vart slakta
17.03	Sal 103, 11-19	Så langt som aust er frå vest, tek han syndene bort

Maria bodskapsdag

«... som ber bort synda i verda.»

Mennesket sitt einaste håp er Jesus, hans død for våre synder. Sjå på han, gje han dine synder, verta reinsa hos han og lat livet verta ein lovsong til din frelsar.

18.03	Jer 31, 31-34	Ei ny pakt
19.03	Sal 32, 1-11	Gled dykk i Herren og jubla, de rettferdige
20.03	Sal 51, 1-14	Vask meg rein for skyld. (Hugs morgonmessa)
21.03	Kol 2, 12-15	Han synte seg som sigerherre (Hugs påskekvelde)
22.03	Rom 8, 31-39	Gud er den som frikjenner
23.03	Hebr 10, 19-25	Lat oss stiga fram med ærleg hjarte
24.03	Rom 8, 1-4	Så finst det no inga fordømming
25.03	Fil 2, 6-11	Jesus Kristus er Herre



Kjelder: Mellomkyrkjeleg råd og Tro&medier

Fastetida 2018



Morgonmesser i Blomvåg kyrkje kl. 06.30-07.15

Tirsdag 20. februar
- andakt ved Egil Morland

Tirsdag 6. mars
- andakt ved Espen Tveten

Tirsdag 20. mars
- andakt ved Annlaug Børve



Felleskapskveld med fokus på påske

i Blomvåg kyrkje onsdag 21. mars kl. 19.00



For informasjon om gudstenester, arrangement og aktivitetar sjå vår nettside: www.kyrkja.no/oxygen

